



# Norsk forening for pediatrisk radiologi

**DEN NORSKE LEGEFORENING**

## Referat fra Generalforsamling 2014 i Norsk Forening for Pediatrisk Radiologi

21. oktober 2014, Expo Fornebu  
Møteleder: Lise Heiberg  
Referent: John Asle Bjørlykke

**Innkalling** godkjent.  
Lise Heiberg velges til ordstyrar.

Saksliste:

### 1. Årsrapport:

Årsrapporten blir gjennomgått av styreleiar Lise Heiberg.

### 2. Økonomi/rekneskap:

Utgifter i årets rekneskap er stort sett knytt til forrige haustmøte på Gardermoen. Einaste utgift utanom er avgift til Brønnøysundregisteret.

Viktigaste inntekt var tilskot frå KSSB i samband med fagmøtet.

Rekneskapet vert stoppa 01.09.2014, og vil bli revidert av Kjersti Try. Saldo er 78189 kr.

Årsmøtet vedtar at kontingent kan krevast inn kvart anna år, 150 kr x 2 = 300 kr.

Styret blir gitt tillatelse til å ha ei liste over medlemmar i NFPR.

### 3. Fagmøteverksemd.

Fagmøteverksemd kan ta ressursar frå andre styreoppgåver. Ønsker generalforsamlinga fortsatt satsing på fagmøte i tilknytning til haustmøtet?

Generalforsamlinga ønsker årleg heildags fagmøte knytt til haustmøtet. I debatten vert det understreka at dette kan ha mange former, og at ein ikkje må ha kjente internasjonale forelesarar kvart år.

### 4. Barneradiologisk kompetanse.

Begrepa barneradiologisk kompetanse og barneradiolog vert debattert. Det vert understreka at begrepa ikkje må vatnast for mykje ut, samtidig som det må vere praktisk gjennomførbart å opparbeide den kompetansen som vert krevd. ESR har utarbeidd oversikt over kva kunnskap ein bør tileigne seg under radiologutdanninga. Generalforsamlinga ber styret lage eit forslag til definisjonar. Lil-Sofie Ording Muller forfattar eit forslag, som via styret går ut på høring. Dette følges vidare opp på neste generalforsamling.

### **5. Innspel til generalforsamling i NoRaFo:**

Lise Heiberg møter for NFPR, og tar følgende saker opp der.

- NFPR ber om tilskudd frå NoRaFo til drift og kursverksemd.
- Avklaring om rutiner for høringar.
- Nettløysing. Kven skal drifte foreniga si nettløysing?
- Overordna styring av innhald i kurs. Kven har ansvar for dette?

### **6. Status om evt mandat for ekspertgruppe i Norge vedrørende barneradiologisk kompetanse i barnemishandlingsaker.**

Status er nokså undra samanlikna med forrige generalforsamling. Temaet blir debattert utan at vedtak fattes.

### **7. Evt.**

Ingen saker under eventuelt.

Paradis, 06.11.2014  
John Asle Bjørlykke